
Saksnr: 2020/1929-30
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		17.06.2020

Ungdommens planprogram - status og evaluering

Fylkestinget For Ungdom (FFU) i Vestland vart halde 3. november 2019.

Under tingseta vert det utarbeidd og vedteke eit handlingsprogram - *Ungdommens planprogram*. Det vart under tingseta også utarbeidd og vedteke vedtekter for Vestland ungdomsutval (VU). Desse er gjeldande for arbeidet i Vestland ungdomsutval (VU) som er arbeidsutvalet til Fylkesting For Ungdom (FFU) i Vestland fylke. VU arbeider såleis etter mynde frå Fylkestinget For Ungdom.

VU har som hovedoppgåve å gjennomføra dei vedtaka som FFU har vedteke på tinget. Utvalet skal rapportere til FFU om måten dei har følgd opp planprogrammet på når ein møtest att på neste ungdomsting. Neste ungdomsting i Vestland vert i mars/april 2021.

Det er mange oppgåver i planprogrammet som skal utførast i perioden, difor blir det lagt fram til førstkomande møte for status og evaluering av arbeidet etter 1. halvår 2020.

Vedlegg:

- 1: Ungdommens planprogram
- 2: Vedtekter for Vestland ungdomsutval